



Vedtekter for Hardanger lokallag av Fortidsminneforeningen Hordaland avdeling

Vedteke dato?

§1: Namn og føremål

Hardanger lokallag er ei underavdeling av Fortidsminneforeningen Hordaland avdeling.

Lokallaget sitt verkeområde er Hardanger.

Laget sitt føremål er å arbeida for å ta vare på verneverdige kulturminne og å skapa ei ålmenn forståing for kulturminnevern i sitt verkeområde.

§2: Medlemskap

Medlemer av Fortidsminneforeninga som bur i Hardanger-kommunane vert medlemmer av lokallaget, om dei ikkje har bede om noko anna.

Medlemer i lokallaget er automatisk medlemmer av Hordaland avdeling.

Sjå elles Fortidsminneforeninga sine lover §2.

§3: Kontingent og økonomi

Lokallaget får overført ein andel av medlemskontingenten for sine medlemmer etter avgjerd i fylkesavdelinga sitt årsmøte.

Lokallaget disponerer sjølv gåver til laget, midlar tildelt etter søknad, samt inntekter frå laget sine egne aktivitetar.

§4: Årsmøte

Årsmøte skal vera avvikla innan 1. mars kvart år. Styret i lokallaget kallar inn til årsmøte. Innkallinga skal vere skriftleg med minst 14 dagars varsel. Med innkallinga skal fylgja årsmelding og rekneskap. Innkallinga skal sendast til alle medlemene i lokallaget og til styret i Hordaland avdeling og foreininga sentralt.

Kvart medlem har ei stemme og kan også ha ei gyldig fullmakt frå eit anna medlem i lokallaget.

Ein utsending frå avdelingsstyret har møterett og talerett på årsmøtet, men ikkje stemmerett.

Styret i fylkesavdelinga kan innkalla til årsmøte om lokallaget sitt styre ikkje gjer dette innan den fastsette tidsfristen.

Årsmøtet skal handsama desse sakene:

1. Val av møteleiar
2. Årsmelding
3. Rekneskap
4. Val av styreleiar for 2 år
5. Val av minst 2 styremedlemer for 2 år. Ved fyrste gongs val vert den eine vald for eitt år ved loddtrekning.
6. Val av 2 varamedlemer for eitt år.
7. Val av valnemnd på 3 personar med valperiode på 3 år.
8. Val av revisor
9. Val av utsendingar til årsmøtet i Hordaland avdeling i tråd med avdelinga sine vedtekter
10. Andre saker som er fremja av styret eller som er fremja av eitt eller fleire medlemmer når desse er sendt styret innan 1. januar. Slike saker skal vere nemnde i innkallinga.

Når ikkje anna er bestemt, er vedtak gjeldande når det vert oppnådd alminneleg fleirtal av gjevne stemmer. Ved stemmelikskap har møteleiar dobbeltstemme.

Ekstraordinært årsmøte kan haldast når lokallagsstyret, styret i fylkesavdelinga eller 1/3 av medlemene krev det. Innkalling skjer som til ordinært årsmøte og med same frist.

§5: Styret

Lokallaget vert leia av eit styre på 3-5 personar etter årsmøtet sitt vedtak, med 2 vara valt i rekkjefylgje.

Styremedlemer kan ikkje sitja i vervet i meir enn 8 samanhengande år.

Styret står for lokallaget sitt daglege arbeid og legg fram årsmelding og rekneskap for årsmøtet.

Styret har ansvar for at protokoll frå styremøte samt årsmelding, årsrekneskap og protokoll frå årsmøtet vert sendt til fylkesavdelinga og hovudstyret.

Styret er vedtaksført når leiar eller nestleiar og minst 2 medlemer eller varamedlemer er til stades. Ved stemmelikskap har styreleiar dobbeltstemme. Det skal verta ført protokoll frå styremøta.

§6: Vedtekter og vedtektsendring

Framlegg til endring av vedtektene kan takast opp som sak på lokallaget sitt årsmøte, jfr. §5. Vedtektsendringar krev 2/3 fleirtal av stemmene.

Vedtekter og vedtektsendringar skal godkjennast av styret i avdelinga Hordaland.

Vedtektene må ikkje vere i strid med foreininga sine lover eller fylkesavdelinga sine vedtekter.

§7: Opphøyr og oppløysing

Om lokallaget opphøyrer å fungera, ved at det ikkje vert lagt fram årsmelding og rekneskap, eller det ikkje vert kalla inn til årsmøte, eller viss det ikkje vert halde minst 2 styremøte pr. år, opphøyrer retten til å motta egne kontingentinntekter etter §3. Styret i avdelinga kan kalle inn til ekstraordinært årsmøte for å løysa opp lokallaget.

Lokallaget kan løysast opp på årsmøte eller ekstraordinært årsmøte med minst 2/3 av stemmene. Særskild melding skal sendast til avdelinga og hovudstyret. Styret i avdelinga fastset korleis lokallaget sine midlar skal forvaltast etter oppløysinga.

UTKAST